

Stortingets president  
Stortinget  
0026 Oslo

Dykkar ref

Vår ref  
24/4145-

Dato  
5. november 2024

## Svar på skriftleg spørsmål – nr. 236

Eg viser til brev frå Stortingets president 28. oktober 2024 med spørsmål til skriftleg svar nr. 236 frå representanten Kjell Ingolf Ropstad. Spørsmålet lyder:

*«Hvordan forsvarer statsråden kuttene i finansiering til de viktige familievernkontorene i distriktene når dette fører til svekket tilgjengelighet og redusert kapasitet i områder der befolkningen allerede har begrenset tilgang til slike tjenester?»*

Familievernets oppgåve er viktig for å førebyggje og avhjelpe relasjonelle vanskar i familiane og styrkje oppvekstvilkåra til barna.

Regionane er ansvarlege for å dimensjonere sitt eige tiltaksapparat i familievernet. Dei gjer lokale tilpassingar ut frå eige behov. Regjeringa har vidareført finansieringa av familievernkontora. Eg er likevel kjent med at på grunn av sterk kostnadsauke har alle regionar i 2024 meldt om behov for innsparingar.

Eg er vidare gjort kjent med at både region Vest og region Aust har gjort endringar i finansieringsmodellen slik at dei legg større vekt på befolkningsgrunnlaget for kvart kontor enn tidlegare. I region Vest blei det beslutta endringar på bakgrunn av at nokre kontor hadde god kapasitet, medan andre kontor hadde lange ventelister, og endringane skal på denne måten sikre eit likeverdig tilbod i regionen. I andre regionar har innsparingar vore iverksett etter andre kriterium.

Eg vil påpeike at på eit overordna nivå blir regionar med distrikt med lange avstandar og færre tilbod meir kompensert per innbyggjar enn meir sentrale strom. Tabellen nedanfor viser budsjett per innbyggjar.

Region	Budsjett per innbyggjar (gjennomsnitt kroner)
Øst	109
Sør	112
Vest	113
Midt-Norge	112
Nord	141
<b>Totalt</b>	<b>114</b>

Eg har i 2024 hatt innspelsmøte om familievernkontora, der finansiering og finansieringsmåte blei tatt opp som tema, men også kva oppgåver familievernet skal prioritere og arbeide med framover. Departementet har jamnleg kontakt med Bufdir om desse tema, og dette blir følgt opp vidare gjennom mål- og resultatstyringa til Bufdir og BFD.

Regjeringa planlegg å legge fram forslag til ny lov om familievernet våren 2025. Eg vurderer i dette arbeidet finansieringsmodellane som blir nytta, som spørsmålsstillaren viser til. Desse reiser mellom anna spørsmålet om kor lite eit familievernkontor kan vere i talet på tilsette for å oppnå robuste og gode fagmiljø i framtida, og nødvendig breidde i kompetansen i alle delar av landet.

Med helsing



Kjersti Toppe

*Brevet er elektronisk godkjent*